



Jostedalsskogen
nasjonalparkstyret

Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsskogen nasjonalparkstyret
Møtestad:	Skei i Jølster
Dato:	06.12.2022
Tidspunkt:	14:00

Velkomen til det femte og siste møtet i Jostedalsskogen nasjonalparkstyret i 2022.

Tysdag 6.desember kl 10:00 har nasjonalparkstyret kalla inn til dialogmøte med fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval på Thon Partner Hotel Jølster, Skei. På dialogmøtet vert det mellom anna informert om dei nye skjøtelsesplanane for tre stølsdalar i Stryn.

Møtestart for nasjonalparkstyret vert etter at dialogmøtet er ferdig, ca. kl 14:00. Vi satsar på å vere ferdig seinast kl 17.

Mariel og vara Per Rune Vereide har begge meldt forfall til denne møtedagen, men vi vonar at resten av styret har høve til å vere med heile dagen.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Tor Arne på tlf 90 19 24 71.
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltar

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 34/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 35/22	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 36/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 37/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Drift av styret og årsplan for 2023		2022/16347
ST 38/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2023		2022/16335
ST 39/22	Jostedalsbreen nasjonalpark - Høyring - Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse - Sogn og Fjordane		2022/11612
RS 30/22	Nytt varamedlem i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Per Rune Vereide		2022/671
RS 31/22	Rock sampling campaign report - Jostedalsbreen National Park		2022/7100
RS 32/22	Ressurs for informasjonsarbeid knytt til forvaltning av dei store verneområda		2022/16427
ST 40/22	Delegerte saker		
DS 7/22	Jostedalsbreen nasjonalpark - Utviding av tal turar med helikopter - Storselet på Sunndalssætra		2019/4933
DS 8/22	Jostedalsbreen nasjonalpark - landingsløyve helikopter ved klimastasjonen ved Flatbreen - NVE		2021/12816
DS 9/22	Jostedalsbreen nasjonalpark - Skarnovi, Veitastrond - Motorferdsel ved sauesanking - Kjell Jarle Bruheim		2022/12065

ST 34/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 35/22 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar
ST 36/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker



Arkivsaksnr: 2022/16347-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 30.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	37/22	06.12.2022

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Drift av styret og årsplan for 2023

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2023 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- Februar: Styremøte (Bestillingsmøte 2)
- April: Styremøte
- Juni: Styremøte med synfaring
- September: Styremøte med synfaring
- November: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval (Bestillingsmøte 1)

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til driftsbudsjett for året 2023 på Kr 275 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 490 000,- i planmidlar. Samla budsjett til drifts- og planmidlar er kr 765 000,-.

Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2023. Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer – innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2023 – E-post frå Miljødirektoratet datert 02.11.2022
- Vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjeldande frå 01.januar 2020

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Sidan 2011 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyret hatt møte mellom fire og åtte gonger i året. I 2022 har det vore fem møte, der eit av desse har vore halde digitalt på Teams. Møta i år har vore i mars, april, juni, september og desember. I tillegg vart nasjonalparken sitt 30-årsjubileum markert i Jostedalen 20.mai.

I 2023 skal nasjonalparkstyret endeleg vedta forvaltningsplanen. Arbeidet med revideringa har, av ulike årsaker, gått føre seg over fleire år, men har stoppa opp i 2022 og det må takast tak att i dette i 2023. Sekretariatet ønskjer at utkastet vert drøfta av styret før det vert oversendt Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang i løpet av våren. Deretter skal dokumentet på høyring før endeleg godkjenning og vedtak.

Framlegget til budsjett gjev opning for overnatting og turar i samband med synfaringar. Det blir naturleg å leggje inn synfaringar og overnatting i samband med styremøte i juni og september.

I kort rettleiar for Elektronisk søknadssenter (ESS) står følgjande:

For verneområder som forvaltes av styrer, skal styrene melde inn behov for midler (...) i ESS. Dette gjelder følgende:

- Drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer (...)
- Forvaltningsplaner og besøksstrategier for nasjonalparker og andre store verneområder

Oppdatering av nettsider bør tas med i vurderingen av behov for midler. Dersom rammene tillater det vil det også kunne gis midler til nødvendige kartlegginger som grunnlag for forvaltningsplaner og besøksstrategier samt utarbeidelse av skjøtselsplaner.

Vurdering

Tildelinga til drifta av Jostedalsbreen nasjonalparkstyret for 2022 var på kr 320 000,- (2021: kr 300 000). Dette har inkludert både utgifter til møte, synfaringar og dekking av reise og møtegodtgjersle, samt møteutgifter og dekking av reise for rådgjevande utval. Vi bruker noko mindre midlar i 2022 enn budsjettet. M.a. er det gjennomført 4 fysiske møte i 2022, ikkje 6 som planlagt. Det er heller ikkje gjennomført møte med synfaring og overnatting, det var lagt inn to slike i budsjettet. Nasjonalparkkonferansen vart avlyst, noko som og medførte innsparingar. Sidan forvaltningsplanen ikkje vart arbeidd mykje med i 2022 vart det mindre forbruk. Men nettsidene vart ferdige som planlagt og skjøtselsplan for Tungestølen vart sett i gang og midlane nytta.



Vi legg fram budsjett på kr 275 000,- til styrets drift i 2023. År 2022 skal nasjonalparkstyret endeleg vedta forvaltningsplanen, noko som også krev tid til å drøfte dette omfattande dokumentet. Forvaltarane vonar at det er råd med fysiske samlingar framover, og legg dette til grunn for møteplanen i 2023.

Til fyrste styremøte i 2023 vil sekretariatet innhente kommunane sine møteplanar og utarbeide eit meir detaljert framlegg til møteplan med konkrete datoar.

Driftbudsjett Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2023_forslag

Møtegodtgjersle			Timeforbruk								
Sats leiar (kr/t)			660			* = inkl. 2 timar til førebuing					
Sats øvrige (kr/t)			499			som møtets varighet					
Skisse til møteplan											
Styremøte	Motedato	Type	Tal timar *	Tal deltakarar	Timebruk leiar	Kostnad leiar (kr)	Timebruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	Kommentar	
	Februar	Styremøte	6	6	6	3 960	30	14 970	18 930	Bestillingsmøte 2	
	April	Styremøte	6	6	6	3 960	30	14 970	18 930		
	Juni	Styremøte med synfaring	8	6	8	5 280	40	19 960	25 240		
	September	Styremøte med synfaring	8	6	8	5 280	40	19 960	25 240		
	November	Styremøte	6	6	6	3 960	30	14 970	18 930	Bestillingsmøte 1	
		Tapt arbeidsforteneste					0		15 000		
Sum møtegodtgjersle									122 270		
Kostnader til møte			Utgifter i samband med møte (møterom, varm lunsj, servering m.v.)							40 000	
			To kombinerte styremøte med synfaring inkl. overnatting, lunsj el. Middag							40 000	
			Reisegodtgjersle: 5 møter, 6 repr., 1200 per repr.							36 000	
Sum:									116 000		
Studietur									0		
Rådgjevande utval:			Reisekostnader: 1 møte, 16 repr., 1000 per repr.							16000	
			Møtekostnader: Leige av møterom pluss servering							20000	
Sum:									36000		
Driftbudsjett totalt Jostedalsbreen									274 270		

Sekretariatet føreslår av det vert budsjettert med kr 490 000,- til planarbeid. Dette inkluderer skjøtselsplan for sidedalar i Stardalen med ei kostnadsramme på kr 200 000,-. Det er og budsjettert med kr 200 000,- til sårbarheitsvurderingar for ferdsel for stiane til Fåbergstølsbreen og til Langedalen i Stardalen. Det skal gjere forvaltninga i stand til å prioritere kva område som kan tilretteleggjast for meir ferdsel og aktive tiltak for å redusere slitasje og forstyrring.

Det er i 2023 viktig å gjere eit framstøyt for å fullføre revidering av forvaltningsplanen. Ein sum på kr 80 000,- er meint å dekkje utgifter til høyringsrundar for forvaltningsplanen, annonsar i lokalavisene, bygdemøte og trykking av nokre eksemplar til utdeling. Besøksstrategien som vart ferdig i 2021 skal vere eit vedlegg til den reviderte forvaltningsplanen.

Det og sett opp nokre mindre postar i driftsbudsjettet til drift av nettsider og medlemskap i organisasjonen Europarc.

Samla budsjett for drifts og planmidlar er sett til kr 765 000,-.



Budsjett 2023 for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

	Budsjett 2023	Merknader
Driftsutgifter for styre og utval		
Møtegodtgjersle styret	123000	Sjå eige oppsett
Reiseutgifter styret	36000	Sjå eige oppsett
Møteutgifter styret of møte/reise for rådgjevande utval	116000	Sjå eige oppsett
Sum	275000	
Planarbeid		
Høyringsrunde forvaltningsplan, bygdemøter, annonsering, trykking	80000	Kjøp av tenester
Sårbarheitsvurdering Fåbergstølsbreen, Langedalen i Stardalen	200000	Kjøp av tenester
Drift av nettsider	3000	Kjøp av tenester
Europarc	7000	Kjøp av tenester
Utarbeiding av skjøtselsplan for sidedalar i Stardalen	200000	Kjøp av tenester
Sum	490000	
Total sum	765000	



Arkivsaksnr: 2022/16335-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 29.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	38/22	06.12.2022

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2023

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret vedtek *Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2023* og *Innspel om ønska SNO ressurs i verneområde – Jostedalsbreen nasjonalpark 2023* slik dei ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt av styret til å leggje til mindre tiltak og justere summar fram mot søknadsfrist i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, då dette skal gje grunnlag for bruk av nasjonalparken som ein ressurs for lokalsamfunna. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må difor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt vedlikehald av stiar, restaurering og tilrettelegging i område som toler meir bruk.

Skjøtsel av kulturlandskap skal i 2023 startast opp i område med utarbeidd skjøtelsesplan. Skjøtsel skal utførast i nært samarbeid med grunneigarar/brukarar og SNO.

Dokument i saka

- Brev frå Miljødirektoratet av 02.11.2022 - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2023.
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene, Klima- og miljødepartementet 2019
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark - 1994
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027



Saksopplysningar

Klima- og miljødepartementet sin handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda og brev frå Miljødirektoratet med strategi og rammer for bruk av tiltaksmidler dannar ramma for kva tiltak ein kan søke om. Det har i saksførebuinga vore god dialog mellom forvaltar og lokalt SNO.

Status og gjennomførte tiltak i 2022

- Plan for utbetring av sti Tungestølen - Austerdalsbreen. Utarbeidd i 2022.
- Plan for utbetring av stien frå Bødalsseter mot Lodalskåpa. SNO planla utbetring.
- Kanalisering og utbetring av enkelte punkt på stien til Haugabreen. Delvis utført i 2022. Behov for å slutføre i 2023.
- Utbetringar på Skålastien. Gjennomført i 2022 av Skålastilaget med tilskot frå Nasjonale turistvegar.
- Skilting og sikring Kattanakken. Sikringsmidlar kjøpt inn i 2022, men er ikkje sett opp. Behov for ferdigstilling i 2023.
- Restaurering av Keisar Wilhelms sti, den gamle ridevegen i Briksdalen. Ferdigstilt i 2022.
- Informasjonsskilt. Anbudsrunde for innkjøp av skilttavler i cortenstål er gjennomført i haust. Om lag 60 tavler vert levert i løpet av vinteren. Innholdsproduksjon og oppsetjing flest moglege tavler må gjennomførast i 2023.
- Planlegging og prosjektering av utsiktspunkt ved Bøyabreen. Idéskisser vert ferdig i desember 2022. Bør følgjast opp med vidare tiltak i 2023.
- Utbetring av stien frå Bødalsseter mot Lodalskåpa. Ferdigstilt i 2022, i samarbeid med SNO.
- Skjøtsel - utbetring av drifteveg og oppføring av sperregjerde ved Storesetra Erdalen. Sperregjerde er kjøpt inn i 2022. Arbeidet må ferdigstillast i 2023.
- Rydding av skog ved Huldefossen i Bødal. Ferdigstilt i samarbeid med grunneigarar i 2022.
- Planlegging og prosjektering av informasjonspunkt Tungestølen. Idéskisser ferdigstilt i 2022. Bør følgjast opp med realisering i 2023.
- Vedlikehald av stien til Flatbrehytta. Vart ferdigstilt i 2022, men flaum/skred øydela sti og bru like etter. Nytt tiltak for 2023 må påreknast.
- Utbetring av sti til Haugafjellstølen. Delvis utført i 2022. Behov for slutføring i 2023.
- Utbetring av sti Sognskaret. Delvis utført i 2022. Vidare arbeid må påreknast i 2023.
- Styrt beiting ved utvalde innfallsportar. Ikkje gjennomført i 2022. Aktuelt tiltak i 2023.
- Arbeid med rundtursti om Andersbenken. Utført i 2022.
- Kloppegging mellom Storesetra og Vetledalssetra i Erdalen. Kloppmaterialar kjøpast inn i 2022. Må ferdigstillast i 2023.
- Restaurering av stien til Flatsteinbu. Arbeid starta opp hausten 2022. Må følgjast opp med midlar og ferdigstillast i 2023.
- Nye brefareskilt. Kjøpt inn i 2022.
- Utsiktsrydding i Erdalen - før Storesetra. Ikkje gjennomført i 2022. Bør følgjast opp i 2023 som del av oppfølging av ny skjøtelsplan.
- Planlegging og prosjektering av informasjonspunkt Supphellebreen. Idéskisser vert ferdig i desember 2022. Bør følgjast opp med vidare tiltak i 2023.
- Ferdselsteljing langs utvalde stiar. Gjennomført i 2022. Bør følgjast opp med nye teljingar i 2023.



- Vedlikehold av viktige bruer og stiar. Fleire tiltak utført i 2022. Tiltaket bør vidareførast i 2023.
- Kanalisering av ferdsel forbi sårbare morenar. Fleire mindre tiltak gjennomført i 2022.

Ekstra tiltak som ikkje var med på tiltakslista for 2022.

- Medfinansiering av toalettløysing i Kjenndalen. Utført i 2022.
- Oppsetjing av benkar i Kjenndalen. Ferdigstilt i 2022.
- Utforming av idéskisser for innfallsport Briksdalen. Avtale om kjøp er undertekna. Oppstart desember 2022 og ferdigstilling januar 2023.
- Medfinansiering av sti Tungestølen – Nystølen ved innfallsport Tungestølen. Materialar vert kjøpt inn i desember 2022.
- Rydding av skog ved innfallsport Bøyabreen. Gjennomført november/desember 2022.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmynde for Jostedalsbreen nasjonalpark i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

Overordna føringar

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde, slik at ein tek vare på eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar. Det kom i 2019 ein ny strategi for bruk av tiltaksmidlar, gjeldande for perioden 2020- 2025. Her vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. For å minimere dei negative effektane av klimaendringar på verneverdiane, må andre negative påverknader avgrensast mest mogeleg. Døme på dette er attgroing, slitasje, forstyrringar og ureining. I tillegg bør forvaltninga av verneområde ta ekstra omsyn til klimaeffektar i planlegging av tiltak. Tiltaksmidlane vert fordelt på bakgrunn av dagens trusselbilde i verneområda. I tillegg skal skjøtsel, tilrettelegging og, etter kvart, utrulling av besøksstrategiane få midlar til godt planlagde tiltak.

I strategien står mellom anna følgjande:

"Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparkar og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtelsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes



som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.»

Strategien seier tydeleg at midlane ikkje kan nyttast som tilskot til andre, men dei kan brukast som investeringar der ein har ein tydeleg samarbeidspartnar som tek drift og vedlikehald. Miljødirektoratet har sett opp følgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

1. *Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene*
2. *Løpende skjøtselstiltak*
3. *Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
4. *Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
6. *Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfte ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Forvaltar har i samarbeid med SNO utarbeidd forslag tiltaksplan for 2023 og til bestilling av tenester frå SNO for 2023. Forslaget er utarbeidd med bakgrunn i handlingsplanen i besøksstrategi for Jostedalsskogen nasjonalpark vedteken av nasjonalparkstyret 26.10.2021, innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar, samt innspel og diskusjonar i styret i løpet av 2022.

Nasjonalparkstyret sin frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2023. Sekretariatet melder inn til bestillingsdialogen på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan for 2023.

Vurdering

Det kan søkjast om tiltaksmidlar til informasjon, skjøtsel og tilretteleggingstiltak som er relevante for å ta vare på verneverdiane og å leggje til rette for verdiskaping innan rammene for vernet. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltningsplan, besøksstrategi, skjøtelsplan eller andre relevante styringsdokument.

Samarbeid med lokale brukarar om skjøtselstiltak i tråd med dei nye skjøtelsplanane bør difor vere høgst prioritert i 2023 og i åra som kjem.

Det er svært mange som gjestar Jostedalsskogen nasjonalpark og innfallsportane rundt parken. Ein må difor leggje vekt på tiltak som tek vare på verneverdiane. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. I 2023 bør utforming innfallsportar med nye informasjonstavler/skilt og oppsetjing av desse prioriterast høgt.



Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken av nasjonalparkstyret 26.10.2021. Mange av tiltaka som er føreslått gjennomført i 2023 er forankra i besøksstrategien. Besøksstrategien omtalar mellom anna 45 innfallsportar rundt Jostedalsbreen nasjonalpark og aktuelle tiltak på desse innfallsportane.

I 2022 var det planlagt å setje opp informasjonstavler på 8 innfallsportar. Dette vart av ulike årsaker ikkje gjennomført i 2022, men midlane som er sett av til føremålet vert nytta til innkjøp av cortenståltavler no på slutten av året. Oppsetjing av informasjonstavler i tråd med merkevaren Norges Nasjonalparker er tiltak som vil prege arbeidet til forvaltninga dei næraste åra. Erfaringar frå andre verneområde som er starta med dette arbeidet fortel oss at dette er eit kostbart og tidkrevjande arbeid. Det er difor tilrådeleg å strekkje dette ut i tid, slik det og er planlagt i besøksstrategien.

I 2023 føreslår sekretariatet å konsentrere arbeidet om utforming av innhald og oppsetjing av informasjonstavler på flest moglege innfallsportar, slik at vi får brukt mange av cortenståltavlene som vert kjøpt i 2022. Ein stor del av arbeidet vil vere kontakt med lokale aktørar som grunneigarar, næringsaktørar, kommunar m.v for å sikre god plassering av informasjonstavler og god og heilskapleg utforming av innfallsportane. For fleire innfallsportar er det i 2022 utarbeidd idéskisser for utforming av innfallsportar. Arbeidet med idéskissene er nyttig, og metoden vil vonleg vere ei god hjelp ved innfallsportar der plassering av informasjon og andre element ikkje gjev seg sjølv. Sekretariatet tilrår difor at det vert prioritert midlar til gjennomføring av prosessar for å utforme idéskisser for innfallsportane i Stardalen og i Bødalen i 2023. Det vert og tilrådd å setje av tiltaksmidlar i 2023, til oppfølging av idéskissene som no vert utarbeidd for Bøyabreen, Supphellebreen og Briksdalen.

Idéskisser er utarbeidd for informasjonspunkt og startpunkt på Tungestølen. Det er prioritert tiltaksmidlar for 2023 til etablering av informasjonspunkt og startpunkt i tråd med idéskisse.

Produksjon av innhald (tekst, bilete, kart m.v.) til informasjonstavler vil bli kjøpt av firma med slik kompetanse, men det vil krevje tett oppfølging frå sekretariatet om det skal bli bra.

Stiltak – utbetringar m.v.

Dei seinare åra har det vorte gjennomført fleire store prosjekt for restaurering og utbetring av stiar i nasjonalparken og ved innfallsportane inn mot parken.

For 2023 er ferdigstilling av restaureringsprosjektet på turstien til Flatsteinbu det største prosjektet som er prioritert. Prosjektet er i besøksstrategien er føreslått gjennomført i 2023-2024. Det vart i 2020 utarbeidd plan for restaurering av denne gamle turruta og prosjektet har vart starta hausten 2022.

Det vert og tilrådd tiltaksmidlar til vidareføring av utbetringar på stien til Haugafjellstølen og til Sognskaret.

Det har dei siste åra vorte sett av eit tiltak som ein samle pott for å kunne rask setje i verk tiltak når det skjer akutte skadar på stiar og bruer. Flaumskadar hausten 2022 medførte store skadar på stien til Flatbrehytta, m.a. vart den nye brua berre to veker gamal før den for i



flaumen. Det bør i 2023 prioriterast å leggje om stien til Flatsteinbu slik at den framleis kan brukast som tilkomst til og frå breen.

Erfaring gjennom fleire år har vist at god planlegging ved restaurering eller omlegging av turstiar svarer seg. Godt forarbeid og planar forenkler ved kjøp av tenester og det forenkler og motiverer samarbeidspartar til å gjennomføre gode stiprosjekt, m.a. vil gode stiplanar redusere arbeidet for dei som vil søkje spelemidlar. Sekretariatet tilrår difor å prioritere litt tiltaksmidlar til planlegging av utbetring og remerking av den gamle T-merka stien mellom Supphelledalen og Veitastrond.

Behov for ferdselsteljarar skal også meldast inn via bestillingsdialogen til miljødirektoratet. Ferdselsregistreringar er eit viktig verkemiddel både for å kartlegge bruken av stiar no men og for å sjå på utviklinga over tid.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er behov for auka kunnskap om verneområda, då eldre verneområde som Jostedalsskogen manglar omfattande kartleggingar av biologisk mangfald og brukarinteresser, noko som er standard i nye verneplanprosessar. Vi har dei seinaste åra fått kartlagt vegetasjonen i fleire dalføre i parken, ved såkalla basiskartlegging etter NiN-metoden. Det er og utarbeidd skjøtelsplanar for kulturlandskapet i fleire stølsdalar/stølsområde i nasjonalparken. Det er ynskjeleg å halde fram arbeidet med utarbeiding av skjøtelsplanar, særleg i område der det framleis er aktivt beitebruk inn i nasjonalparken.

Mange truga geologisk landformer finst i nasjonalparken. Det er ynskje om å få betre oversikt over tilstanden på desse. Ei kartlegging bør prioriterast.

Skjøtelsplanar

I NIBIO sine forslag til skjøtelsplanar for Bødalen, Erdalen og Sunndalen, som nyleg er ferdige, er det laga lister med forslag til skjøtselstiltak for kvar av dalane. Kva for skjøtselstiltak som skal prioriterast i 2023 må drøftast med grunneigarar og brukarar i kvar av dalane. Men det er viktig å prioritere oppfølging av skjøtselplanane høgt slik at gode skjøtselstiltak kan setjast ut i livet.

Arbeidet med skjøtelsplan for stølsområda ved Tungestølen skal vere ferdig i løpet av 1. halvår 2023. For å kome raskt i gang med oppfølging av denne planen bør det også prioriterast noko ressursar til gjennomføring av skjøtselstiltak i området hausten 2023.

Skjøtsel av kulturmark er ofte svært ressurskrevjande og krev innsats over tid. Nye skjøtselstiltak betyr at ein bind opp ressursar for åra framover, då det har lita hensikt å berre utføre eingongstiltak. Dette er viktig å ta omsyn til ved oppstart av nye skjøtelsprosjekt. Prioritering mellom skjøtselstiltak og område bør vere fagleg forankra i skjøtelsplanen. Ved eventuelt behov for prioritering må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive brukarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

Samla sum for alle tiltaka føreslått gjennomført i 2023 er kr 2 205 001,-. Dette er om lag 700 000,- mindre enn det som vart søkt om og 205 000,- meir enn summen vi vart tildelt i 2022. På bestillingsmøte 2, i februar/mars, må styret gjere ei endeleg prioritering av tiltaka ut i frå den tildelte budsjetttramman frå Miljødirektoratet.



Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2023 – forslag i prioritert rekkefølge datert 28.11.2023

Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads overslag (totalt)	Utføring	Samarbeids aktører	Merknad
Skjøtselstiltak i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanar for 3 stølsdalar	Oppfølging av skjøtelsplanar utarbeidd for Bødalen, Erdalen og Sunndalen. Samarbeid med brukarar om skjøtsel av viktig naturtypar i kulturlandskapet.	150 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar, brukarar,	Viktig å kome i gang med samarbeid om gode og langsiktige skjøtselstiltak i alle dei tre stølsdalane.
Plan for utbetring av merka sti Supphelleskaret	Utarbeide plan for restaurering og remerking av eldre T-merka sti mellom Fjærland og Veitastrand	20 000	Tenestekjøp	Luster turlag, SNO	Gamal ferdsleveg mellom bygde Veitastrand og Fjærland
Kanalisering og utbetring av enkelte punkt på stien til Haugabreen	Kanalisere ferdsel vekk frå sårbare morenar og leie vekk vatn frå stien mellom Haugafjellstølen og Haugabreen. Ta ut brurestar	30 000	Tenestekjøp	SNO	Stien innanfor Haugafjellstølen går i eit sårbart morenelandskap. Kanalisering av ferdsel er viktig.
Skilting og sikring Kattanakken	Oppsetjing av sikring og åtvaringsskilt. Utbetring av eit punkt på stien.	20 000	Tenestekjøp, SNO	Lokalt næringsliv	Sikringsmidlar er kjøpt inn i 2022.
Tilrettelegging av informasjonspunkt og startpunkt Tungestølen	Tilrettelegging av infopunkt og startpunkt i tråd med idéskisser utarbeidd hausten 2022.	300 000	Tenestekjøp	Luster turlag	Tilbodskonkurranse gjennomførast i vinter
Utforme innhald og oppsetjing av infotavler	Plakatar til mange informasjonstavler må utformast og tavler setjast opp	600 000	Tenestekjøp, SNO	Lokale organisasjonar, næringsliv, kommunar, m.v.	Det er kjøpt inn 55 tavler i cortenstål i 2022. Flest mogeleg skal fyllast med innhald og setjast opp i 2023
Sperregjerde ved Storesætra, Erdalen	Utbetre drifteveg på eit punkt og setje opp ny grind ved Storesætra i Erdalen	30 000	Tenestekjøp	Erdalen beitelag	Det er kjøpt inn el-gjerde og grind i 2022. Utviding av drifteveg må til der grinda skal plasserast.
Restaurering av stien til Flatsteinbu	Restaurere steintrapper på stien mot Flatsteinbu	300 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, lokale lag, SNO	Fortette arbeidet som starta hausten 2022. Stein er samla inn og flogge opp.
Planlegging og prosjektering av innfallsport Bødalen	Gjennomføre prosess for utforming av idéskisser for innfallsporten i Bødalen i samarbeid med lokale aktørar	100 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, lokale lag m.v.	Få fram idéar til korleis informasjonspunkt/start punkt Bødalen kan utformast.
Planlegging og prosjektering av innfallsportar Stardalen – Haugabreen	Gjennomføre prosess for utforming av idéskisser for innfallsportar i Stardalen i samarbeid med lokale aktørar	150 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, bygdelag, turlag, kommune, m.v.	



Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads overslag (totalt)	Utføring	Samarbeids aktørar	Merknad
Utbetring av sti til Haugafjellstølen	Utbetre punkt på stien mot Haugsfjellstølen i Jostedalen	20 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, SNO	Ferdigstilling av arbeid starta i 2022
Klopplegging av sti i Erdalen	Utlekking av klopper på våte parti av sti inn mot Vetledalsseter	35 000	Tenestekjøp	Beitelag, Grunneigarar, Turlag, SNO	Kloppmaterialar er kjøpt inn i 2022. Transport med helikopter og utlegging.
Vedlikehald av viktige bruer og stiar	Det er trong for midlar til vedlikehald særleg knytt til uføresette øydeleggingar av stiar og bruer, då slike skadar dette skjer meir eller mindre årvisst.	100 000	Tenestekjøp	SNO, turlag,	Ofte knyter skadane seg til mykje nytta innfallsportar og stiar, noko som gjer at det ofte hastar med å få gjort utbetringar og reparasjonar.
Omlegging og vedlikehald stien til Flatbrehytta	Ny bru og ny stitrasé på deler av stien til Flatbrehytta som vart øydelagd av flaum hausten 2022	100 000	Tenestekjøp og SNO	Grunneigarar, lokalt reiseliv, bygdelag,	Stien må leggjast om etter flaumen i haust.
Oppfølging av plan for informasjonspunkt Supphellebreen	Detaljplanlegge og gjennomføre tiltak for utbetring av informasjonspunkt ved Supphellebreen	150 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, bygdelag, kommune, SNO	Bruke idéskisser utforma i 2022
Oppfølging av plan for informasjonspunkt Bøyabreen	Detaljplanlegge og gjennomføre tiltak for utbetring av informasjonspunkt ved Bøyabreen	150 000	Tenestekjøp	Grunneigarlag, bygdelag, kommune, SNO	Bruke idéskisser utforma i 2022
Utbetring av sti mot Briksdalsbreen	Tilrettelegging av vått parti av sti mot Briksdalsbreen	70 000	Tenestekjøp, SNO	Lokalt reiseliv, grunneigar,	Idéskisser vert utforma
Utbetring av sti Sognskaret	Utbetring av parti på stien mot Sognskaret	10 000	Tenestekjøp	Beitelag, grunneigarar, hytteigar	Prosjekt starta i 2022. Del av sti lagt om.
Styrt beiting ved utvalde innfallsportar	Leige inn beitedyr for å halde nede vegetasjon ved innfallsportar	20 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, SNO	Prøvd med godt resultat i 2021. Aktuelt ved fleire innfallsportar
Ferdselsteljing langs utvalde stiar		1	SNO		
Uthenting av brurestar og anna skrammel - Tverrdalskyrkja	Gamle brurestar må hentast ut med helikopter	10 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar	
SUM		2 205 001			



Saksframlegg

Innspill om ønsket SNO ressurs i verneområder. (Sett inn nye linjer for hvert ønsket utført oppdrag)

2023					
Forvaltningsmyndighet	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre				
Verneområde/Tema	Prioritering	Beskrivelse av oppdrag og metode	Forankring i planverktøy	Rapportering (Verneområdelogg, Artsobs, Natstat).	Merknad
Verneområde/Tilrettelegging					
Oppsetjing av informasjonstavler på mindre innfallsportar i tråd med besøksstrategi	1	Bistå ved oppsetjing av informasjonstavler	Besøksstrategi	Verneområdelogg	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har svært mange innfallsportar som det skal setjast opp informasjonstavler på. Det vil vere til stor hjelp og truleg ressursparande om SNO hadde mogelegheit til å vere med og setje opp tavler på fleire av dei mindre innfallsportane.
Tilsyn av stiar med betydelege tilretteleggingstiltak. Lundeskaret, Skåla, Oldeskaret, Flatbrehytta samt buføreveggar i Erdalen og Sunndalen	2	Synfaringar for å vurdere tilstand og for å gjere enkelt vedlikehald	Tiltaksplan	Verneområdelogg	Stiar der det er investert mykje ressursar i tilrettelegging må erfaringsmessig ettersjåast jamleg for å redusere faren for store skader og ekstra kostnader
Skilting og sikring av einskilde punkt på stien til Kattanakken	3	Synfaringar ved oppstart og gjennomføring av enkle sikringstiltak	Besøksstrategi	Verneområdelogg	
Følgje opp utbetningsarbeid av følgjande stiar: Skålastien, stien mot Flatsteinbu, sti til Haugafjellstølen, sti til Sognskaret, sti til Haugabreen, sti mot Vetledalsseter, stien mot Flatbrehytta, stiar ved Tungestølen	4	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Besøksstrategi	Verneområdelogg	
Utbetring av sti ved Briksdalsbreen	5	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Besøksstrategi	Verneområdelogg	
Etablering av infopunkt/startpunkt på Tungestølen	6	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Besøksstrategi	Verneområdelogg	
Utsiktsrydding ved innfallsportar (Bøyabreen m.fl.)	7	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Besøksstrategi	Verneområdelogg	



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Verneområde/Skjøtsel					
Oppfølging av skjøtselsplan. Følgje opp grunneigarane sin skjøtsel i Bødalen, Sunndalen og Erdalen.	1	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	
Oppfølging av skjøtselsplan. Gjennomføre skjøtselstiltak i regi av SNO	2	Gjennomføre viktige skjøtselstiltak som grunneigar ikkje sjølv vil utføre	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	
Oppfølging av skjøtselsplan. Utbetring av punkt på drifteveg og oppføring av gjerde ved Storesetra i Erdalen	3	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Skjøtselsplan	Verneområdelogg	
Styrt beiting med utvalde innfallsportar. Supphellebreen, Bøyabreen	4	Synfaringar ved oppstart og undervegs i arbeidet	Besøksstrategi	Verneområdelogg	
Verneområde/Bevaringsmål					
Oppfølging av bevaringsmål framande artar - Gran i Sunndalen og Fosdalen	1	Synfaring og registrering av endringar på transekt og fjerning av eventuell gjenvekst av gran	Annet (beskriv)	NatStat	
Oppfølging av bevaringsmål - sårbar vegetasjon på sårbare morenar i Austerdalen og Bergsetdalen	2	Registrering av endringar på transekt	Annet (beskriv)	NatStat	
Etablere bevaringsmål på utvalde tiltak i tråd med skjøtselplanar	3	Registrering av nye transekt på aktuelle lokalitetar	Skjøtselsplan	NatStat	



Verneområde/Tilsyn og kontroll					
Halde oppsyn med verneforskrifta i Jostedalsbreen	1	Synfaringar i felt	Annet (beskriv)	Verneområdelogg	Forankra i verneforskrifta
Kontrollere om løyve/styrevedtak vert følgt i dispensasjonssaker	2	Synfaringar i felt	Forvaltningsplan	Verneområdelogg	Dispensasjonar/styrevedtak
Følgje opp nye tiltak i hovudsak ved oppstart og slutt	3	Synfaringar i felt ved oppstart og slutt	Tiltaksplan	Verneområdelogg	
Ferdselsteljing på same stader som i 2021	4	Utsetjing av ferdselsteljarar på utvalde stader. Oppsyn med desse gjennom året og innsamling og tolking av data etter sesongen	Tiltaksplan	Verneområdelogg	
Registrere bygningar og andre konstruksjonar i nasjonalparken	5	Oppmåling, fotografering, kartfesting og innlegging i verneområdeloggen	Forvaltningsplan	Verneområdelogg	



Arkivsaksnr: 2022/11612-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 01.12.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsskogen nasjonalparkstyret	39/22	06.12.2022

Jostedalsskogen nasjonalpark - Høyring - Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse - Sogn og Fjordane

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsskogen nasjonalparkstyret er positiv til forslaga i høyringsutkastet der deler av nasjonalparken vert med i landskap som er føreslått teke med i registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Sogn og Fjordane – KULA.

Saksopplysningar

Riksantikvaren har i brev datert 15.08.2022 sendt utkast til rapport for Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA) for Sogn og Fjordane på høyring. I alt 21 landskap er plukka ut i forslaget. To av dei landskapa som er føreslått for KULA omfattar areal innanfor Jostedalsskogen nasjonalpark. Høyringa vert difor lagt fram for nasjonalparkstyret.

Riksantikvaren ynskjer alle typar tilbakemeldingar

Frist for å kome med innspel er sett til 18. november, men nasjonalparkforvaltar har vore i kontakt med Riksantikvaren og fått utsett høyringsfrist til 10. desember 2022.

KULA Sogn og Fjordane skal syne mangfald av landskap i fylket, og i landet. Registeret skal fyrst og fremst vere eit kunnskapsgrunnlag for forvaltninga i kommunar og hos andre styresmakter. KULA-registeret er ikkje ein verneplan og landskapa vert ikkje freda eller verna ved at dei vert utpeika, men skal auke medvitet og vere ei oversikt over landskap. Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune har føreslått områda og utarbeidd forslag til skildringar. Riksantikvaren har arbeidd vidare med forslaga, og står ansvarleg for utvalet som no vert sendt på høyring.



KULA-registeret vil vere eit sentralt kunnskapsgrunnlag og skal signalisere tidleg og tydeleg kva landskap det må takast særlege omsyn til i areal- og sektorplanlegging. Målet er at registeret skal bidra til at kommunane og andre har eit medvite forhold til kvalitetane i landskapet når dei planlegg og forvaltar dei. Slik kan det som er karakteristisk og verdifullt førast vidare, og styrkast.

Kommunane er gjennom si arealplanlegging den viktigaste forvaltaren av landskap. Riksantikvaren oppmodar aktuelle kommunar til å ta eit hovudansvar for å ta vare på verdiane i desse landskapa. Det er eit mål at kommunane skal forvalte KULA-områda med eigne verkemiddel, der plan- og bygningslova er viktigast. Riksantikvaren ventar vidare at andre styresmakter tek omsyn til landskapa i sine planar og tiltak. Dei ulike sektorane skal legge oversikten til grunn i planlegging og gjennomføring av store tiltak, for eksempel i samband med utbygging av vegar, jernbane, kraftutbygging m.m.


Dei to landskapa som delvis kjem inn i Jostedalsbreen nasjonalpark er Strynefjellet vest og Jølstravatnet.

Strynefjellet vest

Landskapet Strynefjellet vest omfattar tre generasjonar av vegar over Strynefjellet der den gamle ferdsevegen gjennom Sunndalen og over Kamperhamrane er den eldste vegen mellom aust og vest. Sunndalen og Kamperhamrane ligg innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark, noko som er skildra i høyringsutkastet. Ferdsevegen over Kamperhamrane er i dag ei historisk vandrerute, som Jostedalsbreen nasjonalparkstyret var med og restaurerte. Historiske vandreruter i Norge er eit samarbeidsprosjekt mellom DNT og Riksantikvaren som gjer gamle ferdselsvegar betre kjende og meir brukte. Etter at ferdsevegen over Kamperhamrane vart restaurert har konflikten mellom auka turistferdsel og villreinen sin bruk av området blitt sett lys på. Marknadsføringa av den historiske vandreruta over Kamperhamrane har difor blitt tona ned dei siste åra.

Landskapet har ei rik historie knytt til ferdsel og turisme. Landskapet med dei tre vegfara er lett lesbart og viser samspelet mellom naturen, teknologien og menneska sitt behov for å ferdast over lengre avstandar. Landskapet er sårbart for endra arealbruk og for store inngrep som bryt med samanhengar og den overordna heilskapen. Det er og viktig for landskapet å vidareføre beite for å redusere attgroinga.

Vegen over Kamperhamrane er automatisk freda. Vedlikehald av den historiske vandreruta over Kamperhamrane må gjerast på ein skånsam måte slik at dei kulturhistoriske verdiane til vegen vert tatt vare på.




Figur 1 - Landskap Strynefjell vest

Jølstravatnet – Nikolai Astrup sitt landskap

Landskapet omfattar store delar av Jølstravatnet og jordbrukslandskapet som omkransar det. Området rundt Kjøsnesfjorden med sine høge, blankskurte fjellsider er ein del av dette landskapet. I den føreslåtte avgrensinga av landskapet, sjå figur 2, er mindre deler av Jostedalsbreen nasjonalpark med i KULA-området Jølstravatnet.

I framlegget er det føreslått kva omsyn som bør takast ved planlegging og forvaltning av området. For dei områda som ligg inn i Jostedalsbreen nasjonalpark vil særleg punktet om at *større inngrep i fjellsidene bør unngåast* vere aktuelt.



Figur 2 – Landskap Jølstravatnet



Vurdering

Kommunane er igjennom si arealplanlegging den viktigaste forvaltaren av landskap. KULA-registeret handlar i stor grad om å synleggjere kva for landskap som må takast særleg omsyn til i areal- og sektorplanlegginga.

At to landskapsområde som delvis rører ved Jostedalsbreen nasjonalpark er føreslått teke med i KULA gjer det naturleg å leggje høyringssaka fram for nasjonalparkstyret.

Sekretariatet tykkjer argumentasjonen i høyringsutkastet er god for at begge desse landskapa bør vere del av KULA-registeret.

Det vert i desse dagar arbeidd med oppstart av arbeid med reguleringsplan for området Lunde- Tverrfjellet, med målsetjing om etablering av gondolbane opp til Tverrfjellet. Reguleringsplanområdet vil vere innanfor føreslått landskapsområde Jølstravatnet, men like utanfor nasjonalparkgrensa. I prosessen med reguleringsplan vil det vere naturleg at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev uttale, sidan etablering av gondolbane så nært inn på nasjonalparkgrensa vil kunne medføre konsekvensar for forvaltninga av nasjonalparken.



RS 30/22 Nytt varamedlem i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Per Rune Vereide
RS 31/22 Rock sampling campaign report - Jostedalsbreen National Park
RS 32/22 Ressurs for informasjonsarbeid knytt til forvaltning av dei store
verneområda
ST 40/22 Delegerte saker



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Rådhusvegen 1
6868 Gaupneststed

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3133
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

Anders Folven
Peter Wanviks Veg 29
7022 TRONDHEIM

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2019/4933-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 14.09.2022

Delegert vedtak

Delegasjonssak	
-----------------------	--

Utviding av tal turar med helikopter - Storselet på Sunndalssætra

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:

I medhald i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 4.3., andre strekpunkt, får Anders Folven løyve til motorferdsle med helikopter for nyttetransport i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld i tidsrommet 1.september til 11.november 2022.
2. Løyvet gjeld inntil 10 turar med helikopter frå Sunndalen gard til Sunndalssætra for frakt av materialar og utstyr i samband med gjenoppbygging av Storselet på Sunndalssætra.
3. Helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro.
4. Helikoptertransporten skal ikkje skje på laurdagar, søndagar heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane grunna omsynet til friluftslivet.
5. Seinast dagen før planlagt køyring skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna (90 19 24 71) varslast pr. sms eller telefon.
6. Kopi av dette løyvet skal takast med under motorferdsle i tilfelle kontroll.
7. Det skal gjevast skriftleg rapport til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter at transporten er gjennomført, seinast innan 25. november 2022.

Vi vil minne om at nødvendige løyve etter motorferdslelova også må innhentast frå Stryn kommune, samt frå grunneigar.

Dokument i saka

- Søknad frå Anders Folven – epost datert 11.08.2022
- Førebels svar på søknad – epost datert 12.08.2022
- Søknad om ekstra helikopterhiv – epost datert 29.08.2022
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldslova)



Søknaden

Søknaden er vurdert i samsvar med

Søknaden gjeld utvida bruk av helikopter til frakt av materialar og utstyr i samband riving/gjenoppbygging av storsetet på Sunndalssætra, jamfør løyve som Anders Folven tidlegare har fått frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyret i styresak 38/17, seinare stadfesta av miljødirektoratet i brev av 11.09.2019.

Folven tok kontakt med nasjonalparkforvaltar i midten av mai 2022 for å varsle om at han no ville starte riving og gjenoppbygging av storsetet. Sidan løyvet til motorferdsel frå 2017/2019 var gått ut på dato måtte det søkjast på nytt.

Anders Folven søkte 16.05.2018 om inntil 40 turar med helikopter fordelt på tre dagar sommaren 2022. I delegert vedtak datert 18.05.2022 fekk Anders Folven løyve til inntil 30 hiv med helikopter i perioden 20.mai 2022 til 30.juni 2022. Det er i saksutgreiinga er det nemnt at søkjar kan søkje om fleire hiv om det skulle vise seg å vere nødvendig.

11.08.2022 søkte Folven om å få flyge 10 til 16 fleire hiv, 6-10 i august og 4 til 6 hiv i løpet av hausten. Byggeprosjektet har i løpet av sommaren møtt ein del uføresette hindringar, som har medverka til at det enno er trong for fleire hiv opp til Sunndalssætra med materialar. Seinare på hausten må byggeplassen ryddast og utstyr og bos må flygast ut frå sætra.

Nasjonalparkforvaltar har vore i kontakt med søkjar for å drøfte om talet turar kan reduserast utan at det medfører ulemper for gjennomføringa av prosjektet. Søkjar stadfesta då at inntil ti turar i perioden 1. september til 15.november vil vere nok. Flyginga vil skje på to dagar, ein i byrjinga av september og ein i slutten av oktober.

Verneforskrift og verneformål

Føremålet med nasjonalparken er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av materialar til hytter m.v., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit*



minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Frakt med helikopter er einaste realistiske fraktmåte for å store mengder byggematerialar og utstyr som det er trong for i samband med riving og gjenoppbygging av storsetet på Sunndalssætra. Med ei maks lastevækt på om lag 1000 kg pr hiv så blir det trong for mange hiv i eit så stort byggeprosjekt. Det var opprinneleg søkt om inntil 40 hiv inn til Sunndalssætra og det vart gjeve inntil 30 hiv. Det er trong for inntil 10 fleire løyver for at prosjektet skal verte ferdig før vinteren.

Forvaltar ser det som svært viktig at søkjar får høve til å ferdigstille prosjektet i år. Det er viktig at alt rivningsavfall som ikkje kan nyttast som ved vert frakta ut frå Sunndalssætra. Skal dette gjerast på ein rasjonell måte er helikopter einaste løysinga.

Siste flygeperioden er planlagt i slutten av oktober. Dette er ei tid på året då det er korte dagar og ofte usikkert flygevær. Forvaltar tilrår difor at det vert gjeve løyve for flyging eit par veker til, for å auke sjansen for at utflyging av bos og utstyr skal kunne gjennomførast.

Den motoriserte ferdsla kan påverke friluftslivet i området dei dagane flyginga vert gjennomført, men nasjonalparkforvaltaren meiner at vilkåra i løyvet reduserer den påverknaden på friluftslivet sidan det ikkje vert flyging i helgar og på heilagdagar. Kunnskapen om naturmangfaldet er god, informasjonen er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljostatus.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde), og i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10) er akseptabel, då den omsøkte motorferdsla også låg inne i vurderingane om byggeprosjektet. Det er noko flyging av material til andre bygningsprosjekt i Sunndalen, men det er av avgrensa karakter. Førre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å frakte inn så mykje utstyr til Sunndalssætra enn med helikopter (§12). Av omsyn til folk som ferdist i området, er det vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro.

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet og dispensasjon kan gjevast.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Stryn kommune
SNO - Jostedalsbreen



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
v/ Ronny Løland
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Sakshandsamar Marthe Gjerde

Vår ref. 2021/12816-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 15.09.2022

Delegert vedtak

Delegasjonssak	13/2022
----------------	---------

Jostedalsbreen nasjonalpark - landingsløyve helikopter ved klimastasjonen ved Flatbreen - NVE

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 07.09.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 4.3, tredje strekpunkt, får Norges vassdrags- og energidirektorat v/Ronny Løland løyve til å nytte helikopter til lågtflyging og landing ved klimastasjonen ved Flatbreen. Løyvet gjeld for ein dag i perioden 15. september til 30. november 2022.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld bruk av helikopter til lågtflyging og landing ein dag i perioden mellom 15. september 2022 til 30. november 2022, i samband med frakt av teknisk utstyr til klimastasjonen.
2. I den grad det let seg gjere, skal landinga vere på ein stad der faren for terrengskade vert minst mogleg.
3. Løyvet dekkjer totalt to landingar; ei landing for å frakte utstyr opp, og ei landing for å frakte utstyr ned att.
4. Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. NVE skal rydde opp etter eigne aktivitetar, slik at det ikkje ligg avfall, emballasje eller anna att i terrenget.
5. Statens naturoppsyn (tlf. 95963888) skal varslast per SMS eller telefon før flyging tek til.
6. Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter flyginga om utført oppdrag.

Løyvet gjeld berre i medhald av verneforskrifta og søkjar må hente inn eventuelt løyve etter motorferdselslova frå Sogndal kommune og frå grunneigar.



Dokument i saka

- Søknad frå NVE v/ Ronny Løland sendt på e-post, datert 16.8.2022
- Telefonsamtale med Ronny Løland 30. august 2022
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Delegert vedtak – landingsløyve helikopter ved klimastasjonen ved Flatbreen, datert 13.09.2021

Søknaden

Søknaden er sendt på e-post den 16. august 2022 og signert NVE v/ Ronny Løland. Søknaden frå Norges vassdrags- og energidirektorat (heretter berre kalla NVE) gjeld klimastasjonen som står på endemorena til Flatbreen som for tida ute av drift og treng oppgradering. Sidan utstyret som skal bytast ut er stort og tungt er helikoptertransport mest eigna. NVE ønskjer 1 dag flyging med ei levering og ei uthenting, og har søkt ein brei løyveperiode frå 22. august – 20. november 2022 slik at ein kan ta høgde for varierende ver.

NVE fekk løyve til flyging allereie i 2021 men kom seg aldri opp grunna dårleg vêr. Grunna manglande kapasitet i sekretariatet hausten 2022 vart diverre ikkje søknaden registrert før etter omsøkt løyveperiode tok til. Forvaltar tok difor kontakt per telefon med Ronny Løland den 30. august. Det vart då avtalt at NVE fekk løyve til å flyge så snart det var høve til det, og forvaltar synte til tidlegare gjeve løyve og vilkåra sette der. Forvaltar informerte om at det ville bli ettersendt formelt løyve og sakspapir.

På nettsida <https://sildre.nve.no/map?x=63923&y=6843209&zoom=12&stationId=78.19.0> er datagrunnlaget tilgjengeleg for ålmenta, kartfiguren under frå nettsida syner plassering av klimastasjonen i terrenget.





Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25.10.1991
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldlova)
- Delegeringsreglement for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 14.03.2016
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, juni 1994

Verneforskrift og verneformål

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ IV, pkt. 4.3, tredje strekpunkt) for at det kan gjevast dispensasjon for motorferdsle i samband med vitskaplege granskingar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon.

Følgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot mogelege skadar og ulemper og i høve mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast.*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdsle i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsle til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

NVE sine undersøkingar gjeld klima- og vêrrelaterte undersøkingar. Målingane har stor vitskapleg interesse, m.a. i internasjonal samanheng. Forvaltningsstyresmakta har også nytte av resultata frå NVE sine undersøkingar. Det er tidlegare gjeve delegert landingsløyve for helikopter ved frakt av utstyr til klimastasjonen framfor Flatbreen for same årsak i 2016 og i 2021.

Då, som no, var klimastasjonen ute av drift. Klimastasjonen er eit samarbeidsprosjekt mellom NVE og Norsk Bremuseum i Fjærland. NVE har i fleire omgangar hatt fleirårige løyve til



motorferdsel i nasjonalparken, då i samband med årlege snømålingar fleire stader på breen. Nasjonalparkstyret har vore godt nøgd med samarbeidet og måten løyvet har blitt fylgt opp, m.a. ved at kunnskap med bakgrunn i NVE sine undersøkingar vert stilt til rådvelde for ålmenta og forvaltningsstyresmakta. Forskingsarbeidet til NVE er også vurdert som viktig i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal liggje til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Tiltaket vil isolert sett ha liten effekt på natur- og kulturlandskapet. Den motoriserte ferdsla kan påverke friluftslivet i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner det kan setjast vilkår for eit eventuelt løyve som reduserer den avgrensa påverknaden. Det er vilkår i løyvet om å ikkje skade moreneryggen der klimastasjonen er sett opp.

Nasjonalparkforvaltaren legg vidare til grunn at tiltaket i liten grad vil påverke trua, nær trua eller verdifullt naturmangfald som er omfatta av verneføremålet, og at kunnskapen som ligg til grunn for behandling av søknaden er i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8. Naturbase og Artskart syner ingen sårbare førekomstar i landingsområdet og vi er seint på sommaren, godt etter hekke- og yngletid for dyrelivet.

Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10), eksisterande tiltak og moglege framtidige tiltak er akseptabel. Det er noko flyging av proviant til Flatbrehytta, men det er avgrensa.

Etter nasjonalparkforvaltaren si oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor lita vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å få opp tyngre teknisk utstyr til klimastasjonen enn å fly det opp med helikopter (§12).

Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. NVE bør unngå motorisert ferdsel i helgene. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Marthe Gjerde
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Statsforvaltaren i Vestland
Sogndal kommune
jostedalsbreen@statsforvalteren.no
SNO Jostedalsbreen

Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Postboks 153 6851 SOGNDAL